

Halvårsplan i matematikk for 7. klasse ved Jostedal skule hausthalvåret

Læreverk: Abakus 7A

Lærer: Jostein Aasen (permisjon mykje av hausten)

7. klasse er åleine i ein time i veka, i lag med 5.-6. klasse i ein time i veka og i lag med 6.klasse ein time i veka. Det vert òg arbeidd med oppgåveløysing i matematikk i A-plan timar (a-plantimane er bemanna med lærarar som kan hjelpe elevane i både matte, norsk og engelsk).

Strukturen i kapitla i dette læreverket er i hovudsak delt inn i fire deler:

Innleiinga: Her får elevane ein introduksjon til emnet i kapittelet.

Kan du dette?: Innleiinga sluttar med testen *Kan du dette?* Ut frå arbeidet med oppgåvene i innleiinga og denne testen vel eleven linje.

Korleis gjekk det?: Her skal elevane tenkje over korleis dei vil arbeide vidare. Elev og lærar avgjer i fellesskap kva eleven skal velje. Dersom eleven føler at han/ho har kunnskapar nok, kan eleven byrje direkte på *Gul linje*. Der er det større krav til å arbeide sjølvstendig. Dersom eleven treng å arbeide med meir grunnleggjande emne og har behov for å få oftare hjelp, bør eleven byrje på *Raud linje*.

Elevane skal i løpet av kapittelet, ha gjort to fargar. Vel eleven å byrje på *raud*, går han/ho over på *gul linje* når han/ho er ferdig med *raud*. Byrjar derimot eleven direkte på *gul linje*, går eleven over til *blå linje*. Dette òg i fellesskap med læraren.

Blå linje har ein del utfordringar, og eleven vil møte vanskelege oppgåver og problem vi ikkje har gjennomgått, men som bør vere mogeleg å løyse ved å kombinere tidlegare gjennomgatte reknemåtar.

«Fargeval»: Raud eller gul. Vel du raud- fortset du med gul. Vel du gul- fortset du med blå.

Oversikt

over kva som skal vere gjennomgått og gjort fram til jul (og evt fyrste vekene i januar):

Månad	Kapittel	Emne	Læringsmål: (skal kunne:)
August	1. Tal	<ul style="list-style-type: none">● Prosent● brøk/prosent/desimaltal● samansette tal og primtal● faktorisering● negative tal	<ul style="list-style-type: none">● rekne mellom prosent, brøk og desimaltal● forskjellen på primtal og samansette tal● faktorisere samansette tal i primtal● plassere negative tal på tallinja● rekne med negative tal.
September	2. Måling og einingar 3. Reknemåtar	<ul style="list-style-type: none">● tidsskilnadar og tidssoner● lengdemål● fart (samanheng mellom lengde og tid) ● brøk: finne felles nemnar● addisjon og subtraksjon av brøk med ulik nemnar● divisjon med rest● multiplikasjon av desimaltal med 10 og 100	<ul style="list-style-type: none">● Finne skilnad itimar og min. Mellom to tidspunkt● gjere om mellom sekund og minutt● rekne mellom tidssoner● rekne med mm, m, km og mil● rekne med fart● rekne mellom veg, fart og tid ● finne likeverdige brøkar● addere og subtrahere brøkar● finne felles nemnar● rekne med brøkar større enn ein heil● addere med minnetal● subtrahere med veksling● multiplisere når begge faktorar er tosifra● dividere med einsifra divisor● multiplisere desimaltal med 10 og 100

Oktober	3 Reknemåtar (forts) 4 Geometri	<ul style="list-style-type: none"> ● areal og formlar for utrekning ● areal til parallellogram o.l. ● areal til figurar samansett av tidlegare kjente figurar ● vinkelmåling ● volum og overflate til prisme 	<ul style="list-style-type: none"> ● Bruke formlar for å rekne ut areal til rektangel og trekant ● skilnad på likesida, rettinkla og likebeina trekant ● finne areal til mangekant og samansette figurar ● finne areal til parallellogram og rombe ● måle vinklar med gradeskive ● skal kunne vinkelsummen i firkant og trekant ● rekne ut storleik ut frå målestokk ● finne volum til øskje og overflata til prisme
November	4 Geometri (forts) 5 Behandling av data	<ul style="list-style-type: none"> ● prosent og sektordiagram ● sannsyn ● bruk av rekneark 	<ul style="list-style-type: none"> ● Teikne sektordiagram ● bruke rekneark til å skrive tabellar og lage sektor og søylediagram ● bruke prosent i sektordiagram ● finne sannsyn
Desember	6 Abamiks Erfaringa tilseier at me vanlegvis ikkje vert ferdig med kap 6 før i januar	<ul style="list-style-type: none"> ● lommerekonar ● problemløysing i grupper ● matte spel 	<p>Dette kapittelet inneheld problemløysing og mattespel. Ein del oppgåver vert gjort i matteverkstad. Ekstra fokus på matteverkstad i november og desember.</p>